

VEKEPLAN 1.trinn Veke: 42

Ansvarselevar:

1A: Aragon og Ivanna

1B: Celina og Hans Samuel

Kontaktlærer:	E-mail:
1A Ina Forland	Ina.forland@austevoll.kommune.no
1B Kjersti Mæland	Kjersti.meland@austevoll.kommune.no
Administrasjon 55081321 Skulen si heimeside: www.minskule.no/storebo	



Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.10-09.40	Samlingsstund/ Frileik	Symjing 1B Stasjonar 1A	Samlingsstund/ Frileik	Samlingsstund/ Frileik	Stasjonar
09.40-10.05	Friminutt				
10.05 -11.35	Matte	Matte/ Gym 1A	Matte	Engelsk	Musikk
11.00-11.35	Mat	Mat	Mat	Mat	Arbeidsøkt
11.35- 12.00	Friminutt				
12.00-12.45	Stasjonar	Arbeidsøkt	Arbeidsøkt	Arbeidsøkt/ biblioteket	SKULEDAGEN AVSLUTTES 11.35
	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	



Info til heimen

Hei 😊

Håpar alle har hatt ein fin haustferie, fått lada batteria og er klar for ny veka på skulen. Det er i alle fall vi 😊

1B skal ha symjing på tysdag og må ha med seg badeklede, handkle, badehette og såpe.

1A skal ha gym, og må ha med seg innesko eller antiskli-sokkar i midtøkta tysdag.

Onsdag er det uteskule, og turen går til Sfo-skogen. Ta med godt med mat og drikke og kle barnet etter været.

Fram til haustferien har 1. trinn hatt eit eige friminutt kvar dag og eit friminutt saman med resten av elevane. Frå og med måndag har vi begge friminutta saman med resten av skulen. Dette blir nok ein overgang for nokre av elevane våre, men det er alltid ein vaksen frå trinnet vårt ute saman med dei, så me trur det kjem til å gå bra. Ta gjerne ein samtale heime om at fyrsteklassingane må leike med kvarandre, og ikkje bli sure dersom eldre sysken eller fadrane deira vil vere saman med vennane sine. Dei har lov til å sei nei til å leike med fyrsteklassingane



Helsing Kjersti & Ina

Vekas mål

- Eg kan lytte ut fyrstelyd og sistelyd i ord.
- Eg kan skrive og gjenkjenne bokstavane, **a** og **n**.
- Eg kan forstå kva vi meiner med bak, framfor, over, under og ved sida av.
- Eg kan snakke om familien min.
- Eg kan gjenkjenne tal og mengde opp til 5.
- Eg kan fortelje korleis naturen endrar seg når det er haust.

Vekas bokstav	Vekas bokstav	Vekas tal
A a	N n	Vi øver på omgrepa: Bak, framfor, over, under og ved sida av

Heimelekse

Jobb med ark 1 måndag og tysdag.
Jobb med ark 2 onsdag og torsdag.
Les på det nivået eleven er på.
Leksemappa skal alltid liggje i sekken.
Vi samlar inn leksene på fredagen.

